

Vil nokon hjelpa med gevinstar til adventskalendar?

15.10.2020

Uskedal skulemusikk

Nr. XX

ADVENTSKALENDER 2019

Pris kr 100,-

Salsperiode 30. oktober - 30. november



Utsnitt av adventskalendaren i fjor.

1. Julestrikk og tennbrikettar
1. Strikkesokkar
2. Bok, Frå heim til heim, Skimtvís forlag
2. Strikkesokkar
3. Lue, Kari Traa, Sport 1 Rosendal
3. Strikkesokkar
4. Bok, Sjømat på alle fat, Lerøy Sjøtroll
4. Strikkesokkar
5. Julestrikk og tennbrikettar
5. Strikkesokkar
6. Spark med nisse
6. Bok, Hundestrikk
7. Lue, Kari Traa, Sport 1 Rosendal
7. Strikkesokkar
8. Julestrikk og tennbrikettar
8. Sportssokkar og lip balm, Sport 1 Husnes
9. Spekepølse, Friheim Gardsmat
9. Strikkesokkar

Uskedal skulemusikk sin adventskalendar har vore eit fast og populært innslag i førjulstida dei 7 føregåande åra. No er styret i gang med førebuingane av den 8. adventskalendaren som skulemusikken står bak. Det trengst mange gevinstar, og derfor håpar styret at nokon kan vera hjelpsame med å skaffa det. Då han dei berre ta kontakt med Monica Hermann (906 35 483) eller andre i styret, og dei blir kjempeglade!

Skulemusikken er no i godt driv med mange unge musikarar som vi kan ha glede av i mange år framover. Korpsdrift er kostbart, og salg av adventskalendarar er ei av dei viktigaste inntektskjeldene til skulekorpset. Derfor satsar styret på å gjennomføra salg av adventskalendarar også i år trass i at det har sine utfordringar i desse koronatider, og at dei må gjennomføra salget på tilpassa måtar.

Rundt jul er det som har med tradisjonar svært viktig, og vi trur at denne adventskalendararen er eit viktig, spennande og koseleg innslag i mange heimar i førjulstida. Salget vil føregå i november, og no er det altså førebuingstid. Viss du kan hjelpa til med gevinstar, er det altså berre å ta kontakt med Monica (906 35 493) eller nokre andre i styret.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland